

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 1 | Mars 2017 | 20. årgang



Seterbrukaren

Seterbrukaren kjem med tre utgåver i året, og neste utgåve kjem i juni. Det er eit godt høve til å fortelje om setre og seterarrangement det er verdt å besøkje sommaren 2017! Såleis minner vi om at spaltene er opne, både ord og bilete er velkomne. Og vi vil gjerne vidareformidle mange døme på alt det seterlandet har å by på av seteropplevingar. Adressa er seter@seterkultur.no og fristen er 20. mai.

Bruk markedsplassen på www.seterkultur.no.

Anten du er ute etter seterjobb eller treng hjelp på setra neste sommar, markedsplas-sen på www.seterkultur.no er til gratis hjelp. Vi har fått mange tilbakemeldingar om at annonsering der har fungert godt.

Styret:

Hans Bondal, leiar
hbond@online.no
Tlf. 90969518
Solliavegen 862
2477 Sollia

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa,
tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Styremedlemmer

Per Sæther
6631 Batnfjordsøra
tlf. 71 29 01 81 / 93 67 35 69
pesetra@gmail.com

Ingrid Arneng
Skjel, 2940 Heggenes
i.arneng@skjel.no
(Repr. landbrukssamvirket)

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Unityrkk

Rekneskap/abonnement: SveinLøken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.

Framsidefoto: Vikabråtstolen i Nordre Trollhovd i Vestre Slidre. Foto: Ole-Jacob Christensen.

Det beste vi har å by på!

"Kan norsk mat eksporterast?" er tittelen på ein kommentar i Nationen nyleg. Ja, svarar Innovasjon Noreg (IN), og viser til at dei har gjort undersøkingar i fleire marknader som er aktuelle for norsk eksport. Journalist Hilde Lysengen Havro viser til at fjordar og fjell og rein og vakker natur er reklameplakaten når vi vil trekke til oss utanlandske turistar. Dette kan også brukast om vi vil eksportere norske landbruksprodukt, men utfordringa ligg i pris og etter pris. Eksport av Jarlsberg-ost har vore ein suksess, men med utfasing av eksportstøtta er det slutt på eventyret i 2020. IN konkluderer med at vi bør satse på eksport av nisjeprodukt, og i dei marknader som er minst pris-sensitive. Ja, reklameplakaten vi brukar for å trekke turistar må brukast for alt den er verdt, men da må vi ta vare på det vi er best på. Kvalitet og berekraft, naturbasert og småskala. Ikkje stordrift og industrialisering, der er det mange som slår oss! Vi må bli mykje flinkare til å by dei 2-3 millionane utanlandske turistane som besøkjer oss norsk landbruk sine godbitar. Det skjer mykje bra, men altfor mykje av den maten dei utanlandske gjestane blir servert står framleis i sterkt kontrast til reklameplakaten. Vi bør gje gjestane matopplevingar som i neste omgang gjer at dei etterspør norske produkt når dei er vel heimattkomne. Og så må mykje meir av godbitane våre bli tilgjengeleg som "ferdaminne". Målet må vera at ingen reiser heimatt utan ein brunost i bagasjen! Gjerne frå ei seter, det beste norsk landbruk har å by på!

Jostein



Reiser du utanlands frå Gardermoen kan du kjøpe med stolstos frå Telemark!

Styret i Norsk seterkultur har vedteke at Seterprisen 2017 skal delast ut i samband med fagseminar og årsmøte på Brimi sæter 13.-14. mai.



Formålet med prisen er at den skal vera ei påskkjønning til eldsjeler som har gjort ein stor innsats for å sette seterdrifta i fokus. Prisen vil dermed vera med å skape blest på ein positiv måte, og bidra til å sikre eksistens og vidareutvikling av seterdrifta.

Norges Vel hadde i mange år eit stort engasjement for seterdrift og seterkultur, og delte ut Seterprisen i åra 2001 til 2006. Norsk seterkultur har fått overta nemninga Seterprisen, og vil vidareføre den med utgangspunkt i dei same kriteria som Norges Vel la til grunn.

Kriteriar

Seterprisen skal delast ut årleg til ein eller fleire personar som har gjort ein ekstraordinær innsats for seterdrifta i Norge. Innsatsen kan vera innan:

- Tradisjonell seterdrift
- Mjølkeforedling på setra
- Utvikling av ny næringsverksemde tufta på seterdrifta
- Forskning og publisering av vitskapleg materiale
- Formidling av stølkskulturen

Utlýsing og forslag på kandidater

Prisen blir lyst ut i Seterbrukaren, på nettet og gjennom aviser og andre medier. Ein jury på tre, med representantar frå Norsk seterkultur, Norges Bygdekvinnelag og Tine, avgjer kven som får prisen.

Frist for innsending av forslag på kandidater til Seterprisen 2017 er 1. mai 2017, og kan sendast til seter@seterkultur.no eller Norsk seterkultur, 6214 Norddal.



Det er fleire aktive setergrender ved Tesse i Lom, og i dette området – på Brimi sæter – har altså Norsk seterkultur fagseminar og årsmøte i år.

Landbruksmeldinga - alvorleg trussel mot seterdrifta!

Kommentarer fra Norsk Seterkultur til St. 11 (2016-2017)

Seterdrifta har historisk hatt stor betydning for norsk mjølkeproduksjon. For mange av gardsbruka som driver seterdrift er dette et være eller ikke være for fortsatt mjølkeproduksjon, da de er nødt til å utnytte ressursene på fjellet, både på innmark og utmark for å ha nok fôr til dyra. Dette er en kjempemessig vinn-vinn situasjon fordi seterdrifta i tillegg bidrar til å oppfylle mange av de sentrale bidraga som Regjeringen omtaler i landbruksmeldinga (St. 11 (2016-2017). Ikke minst har aktiv seterdrift stor betydning for norsk reiseliv.

Seterdrift – struktur – mjølkekvote

"Setring er en viktig del av den norske kulturarven og seterlandskapet har mange unike miljøkvaliteter."

Dette slås fast i Landbruks- og matdepartementets miljøstrategi for 2008-2015. Noe Norsk Seterkultur selv sagt er helt enig i. Setring har også en stor jordbruksmessig betydning. Tine henter mjølk fra ca 9000 tappepunkter, hvorav nærmere 1100 bruker seter. Dette tilsvarer ca 12%. Tilsvarende for Q-meieriene er ca 275 tappepunkter og 18 som bruker seter, eller 6,5 %. For Q-meieriet Gausdal er imidlertid prosenten som setrer helt oppe i 24 % (18 stk av 75 stk). (2015 tall).

Regjeringen skriver i St.meld 11:

Andre sentrale bidrag fra jordbruket, i tillegg til matproduksjon, er samfunnsgoder som blant annet biologisk mangfold, reiseliv, opplevelser, velferdstjenester, verdiskaping i hele landet, kulturlandskap, kulturminner og kulturmiljøer. Dette gir grunnlag for næringsutvikling og vekstkraftige distrikter over hele landet.

«Problemet» er bare at de fleste mjølkebruk som driver seterdrift ikke passer inn i Regjeringens hovedmål for retningen for norsk landbrukspolitikk; fortsatt større og mere effektive gardsbruk.

Framhald side 9

Fagseminar og årsmøte 2017 – Brimi sæter 13. og 14. mai

DEL 1

- 10.00 Ankomst med kaffe og lunsj
11.00 Velkommen
v /leder Hans Bondal
11.15 Seterarbeidet i Hedmark
v /Erling Aas Eng, Hedmark Bondelag
11.45 Brimi sæter—Fra tradisjonell seterdrift til opplevelsesnæring. Foredrag og omvisning
v /Hans Brimi
13.00 Lunsj

DEL 2 BEITEDYR, FJELLGRAS OG MJØLKEKVALITET

- 14.00 Bedre og økt beiting
Beiteprosjekt i Møre og Romsdal
v /Rose Bergslid, Møre og Romsdal Bondelag
14.45 Stølsmjølk og cellettall
Hvorfor er det ofte høyere cellettall på i mjølk fra utmarksbeiter
v /Veterinær Randi Therese Garmo, TINE. Spørsmål og diskusjon
15.30 Seterdrift og turisme, økonomi og nettverks arbeid
v /Svein Løken, Øyer Vestfjell. Spørsmål og diskusjon
16.30 Til Kalven seter
19.00 Middag

DEL 3

- #### FRA ORGANISASJONEN
- 09.00 Beskyttet betegnelse av setermør.
Orientering om ordningen
v /Katharina Sparstad
09.30 Seterveilederen
v /Jostein Sande

Årsmøte i Norsk seterkultur på Brimi sæter i Lom 14. mai kl. 10.

- Sak 1 Konstituering av møtet
Sak 2 Godkjenning av saksliste og innkalling
Sak 3 Årsmelding
Sak 4 Regnskap
Sak 5 Kontingent og kontingentklasser
Sak 6 Merkeprosjektet

- Sak 7 Innkomne saker
Sak 8 Aktivitetsplan for 2016/2017
Sak 9 Årsmøte 2017
Sak 10 Budsjett
Sak 11 Valg

Påmelding på eget skjema innen 31. mars.

Kontakt/info: ks@valdres.no , tlf. 99 00 95 84
Seminaret er gratis. Mat og hotellopphold forhåndsbetaltes og fungerer som gyldig påmelding. Medlemmer av Norsk seterkultur får refundert kr 500,- av losjiutgiftene.



Wietze Kuipers på veg ut med geitene.



Jessica med eigenproduserte ostar. Før dei fekk kjøpt kvote måtte all mjølka forelast, og produkta vart selt bl.a. på Bondens Marked. No har dei teke ein pause i ystinga.

Heilt avhengig av setra!

I 2004 fann Jessica og Wietze Kuipers ut at det vart for trøngt i Nederland. Dei kjøpte gardsbruket Sørgarden på Rekdal ved Romsdalsfjorden, der familien, som også omfattar borna Lotte (13) og Espen (9) har satsa på geit og mjølkeproduksjon.

Dei hadde ikkje kvote, så dermed etablerte dei Rekdal Gardsmeieri, og snart kunne dei by på mange variantar av geitost, bl.a. ein fast ost, smørbar ferskost og salatost, produkt som mange sette pris på.

Tok opp att seterdrifta

Dei fortel at dei starta med ni geit, fekk til eit lite ysteri og i 2005 tok dei i bruk bua på setra og lånte eit lite fjøs der oppe. Dermed vart det på ny seterdrift på Rekdalsetra, etter 45 år opphald. Same året kjøpte dei fleire geit, slik at dei kom opp i 30 geit, som dei mjølka med spenn-anlegg dreve av eit lite aggregat. Ikke kvote, så ysting vart det – og salg på Bondens Marked, i eigen gardsbutikk og ein del lokale butikkar. Fram til 2011 foredla dei all mjølka på garden, samtidig som dei bygde opp buskap og fjøs. Osteproduksjonen er no lagt på hylla, i allefall for ei tid. Vi veit at mange saknar osten vår,

og planen er å kome i gang att, men vi veit ikkje når. Må innrømme at det var godt å få kvote og tankbilen til gards, og endatil sleppe å frakte mjølka ned frå setra, seier Wietze.

Kvote, sanering og nytt fjøs

I 2011 fekk dei kjøpe 50 tonn kvote av Staten, ein av dei tre nye kvotane som avtalepartane vart enige om å tildele. For å kunne sanere flokken, gjennom Friskere Geiter-prosjektet, trengte dei nytt fjøs på setra. Seterfjøset på 180 kvm var nesten ferdig før jul i 2011, men vart rasert av orkanen Dagmar. Med god dugnadshjelp vart det sett opp at og kunne takast i bruk i juni 2012. Fjøset har tallegolv og 1 x 16 stands mjøkestall. Fleire somrar måtte dei køyre mjølka ned til garden, men frå sommaren 2016 har Tine-bilen henta mjølka på setra.

Erfaring frå landbruk og ysting

Jessica og Wietze har bakgrunn frå landbruk og osteproduksjon i Nederland, og det har kome godt med. Men sjølsagt har det vore mykje å sette seg inn i for å drive gard under heilt andre tilhøve. Stor arbeidsinnsats har det også vore, med modernisering av våningshus og fjøs på garden, ysteri og nytt seterfjøs. Dei fortel at det var utruleg godt å få kvote, og for tida har dei ikkje kapasitet til å yste, så all mjølka frå dei om lag 80 geitene går til Tine i Ørsta.



Jessica og Wietze Kuipers tok oppatt seterdrifta etter 45 år opphold. No har geitene opna opp seterområdet og gjort det meir attraktivt.

Setra er grunnlaget

Dei driftige geitebøndene på Rekdal fortel at seterdrifta er grunnlaget for drifta, sidan dei ikkje har mykje beite på garden. Dei flyttar til setra med mjølkegeitene kring 1. juni og har dei der til tidleg i september. Midt i juni tek dei også opp om lag 30 kje til påsett, og desse får gå i lag med geiteflokken. Alle dei øvrige kjea blir fora opp til slakt og får gå på eit om lag 50 da inngjerda utmarksbeite ved garden. Desse blir sendt til slakt på Nortura sitt anlegg i Førde i månadsskiftet august-september, samstundes med at det blir henta lam og sau i nabolaget. Bruket har om lag 30 dekar innmark, men med leigejord haustar dei kring 100 dekar til vinterfor. Tallegolv både heime og på setra gjer det nødvendig å fore med ein god del høy. I periodar med mykje regn gir dei også noko høy i fjøset på setra.

Seterdrifta med geit har gjort området meir attraktivt

Wietze meiner sommaren på setra er avgjerande viktig for å halde geitene friske gjennom ein lang fjøs-vinter. Og så er geitene si krattrydding ein stor bonus for eit seterområde. Han fortel at geitene har opna opp stølen, som verkeleg var i ferd med å gro att. Dette har gjort området meir attraktivt, ikkje minst for alle dei som nyttar "Stikk ut"- stien opp til fjellet Rekdalhesten, eit flott utsiktspunkt. I samband med utarbeidning av reguleringsplan for området ved Rekdalsetra les vi bl.a. følgjande i kommentaren frå Fylkesmannen i

Møre og Romsdal: "På Rekdalsetra er det i dag eit aktivt geitehald, der dyra beiter både inne på setervollen, samt i umarka kring setra. Beitinga har ført til ei opning av ei elles gjengroingstrua seter. Geitehaldet er med andre ord ein viktig faktor for at setra no framstår som meir attraktiv til bygging av fritidsbustader. – Geitehaldet bidrar til både busetting og næringsverksemد i kommunen, samt matproduksjon, som i tillegg skjottar landbruket sitt kulturlandskap både på inn- og utmark. Seterdrift er ein viktig del av denne driftsforma, og må vere ein viktig premissleverandør i reguleringa av Rekdalsetra. – Kunnskap om geitehaldet på setra må danne eit fagleg grunnlag for vurdering av både omfang og plassering av eventuelle fritidsbustader."

Treng allsidig landbruk!

Når vi snkkar med Wietze Kuipers har han akkurat vore med på vardebrenning mot regjeringa si landbruksmelding, og han avslører eit sterkt engasjement for eit allsidig landbruk. Sjølsagt oppteken av den trusselen mot geitehaldet som ligg i landbruksmeldinga. Elles svært oppteken av beivist beitebruk og å halde kraftformengda nede, og likevel greie å levere mjølk av god kvalitet. Heldigvis har vi lukkast bra med det så langt, seier Wietze.



Muren er kome opp, men det gjenstår justeringar når tømmeret vert lagt på.


Vellukka restaurering av seterfjøs

I Valsøyfjorden i Halsa på Nordmøre finn vi Husasnotra, ein del av Geitbåtmuseet, som er ei avdeling av Nordmøre museum. Velkjente Jon Bojer Godal – m.a. tidlegare rektor og lærar i sjøbruk på Fosen Folkehøgskule - har vore aktivt med i oppbygginga av Husasnotra og er ein mentor i det å legge til rette for formidling av handlingsboren kunnskap. Han har skre fleire bøker om båtbygging og gamle bygningsteknikkar, og det er nok han som er opphavet til ”næmin-geordninga” - ei form for opplæring i eldre

bygnings- og båtbyggjarhandverk. Dei har mellom anna hatt oppdrag i det særmerkte klyngetunet på Møll i Geiranger.

Seterfjøs på Åndalssetra i Gjemnes

Husasnotra har hjelpt Eli og Per Sæter i Gjemnes med oppattbygginga av fjøset deira på Åndalssetra. Dei er veldig fornøgd med arbeidet, og planane framover er at dei skal ta fjøset i bruk, kanskje med geit. Eli seier at setermarka er i ferd med å gro att og at geit sikkert ville gjera godt arbeid for å få



Bygget ferdig så langt det let seg gjera i år. Her ser vi steinlegginga

opna oppatt landskapet. Dei har elles planar om eit nytt setertun ikkje så langt unna dei gamle seterhusa, der dei håpar å koma i gang med mjølkekryr. Gammelsetra vil bli brukt i tilknyting til det nye seteranlegget. Eli fortel at dei fekk tilskot frå Kulturminnefondet til seterfjøset, og fondet la i tildelinga stor vekt på at setra skal skjøttast gjennom bruk. Eli og Per er svært godt nøgde med arbeidet som Husasnotra har gjort, og vi presenterer her nokre foto frå rapporten som skildrar arbeidet.



Reinkapping av gavel og like før felling av mønsås



a på kantaneog over mønet.

Store bygningsverdiar å ta vare på i seterfjellet

Vi har hatt stølsdrift her i landet så lenge som folk har vore bufaste og halde husdyr. Dei eldste spora etter stølsdrift er fleire tusen år gamle, og i stølslandskapet finn vi mange av dei eldste kulturminka i bygdene våre – stølshus, tufter, steingardar og vassvegar, for å nemne noko. Sjølv om mykje var enkle bygg og konstruksjonar som i dag er borte, finn framleis mykje som vi bør ta vare på – og gi ei framtid brukt i landbruk og matproduksjon, friluftsliv og reiseliv.



Ikkje meir verdt enn ei fyrstikke ...?

Husasnotra

Husasnotra er ei avdeling av Stiftelsen Geitbåtmuseet og er eit lærested for tradisjonshandverk. Her blir det bygd hus og geitbåtar i forskjellige storrelsar. Færinger med to og eit halvt rom er den vanlegaste. Men ein byggjer også større båtar. Husasnotra har også eit opplæringstilbod til håndverkarar ut over svennebrev. Det er eit tilbod som blir gjeve over 3 år med kursing og styrt praksis. Næmingane, som handverkarane blir kalla under opplæringa, arbeider med mange prosjekt, både nybygg og restaurering. Mest med freda bygg og kyrkjer. Husasnotra samarbeider med Senter for Bygdekultur på Dovre og Rørosmuseet om denne opplæringa.



Vårt eige bygg, som vi også kallar Husasnotra, vart bygd som ei tradisjonell låvebygning fra Nordmøre. Med trevyrke frå ein handplukka skogteig i Meldal er eit bygg på 400 kvadratmeter reist. Lokala er ført opp på den måten det var vanleg å bygge store driftsbygninger fram til ca 1950. Bygginga har vore organisert som kurs i blinking, hogging av tømmer, saging, stavlineteknikk, reising av bygg og mykje meir.

"Næmingane håpar vi vil fungere som bjellekyr og sosiale stjerner i sine heimlege miljø", sier Jon B. Godal.

Og det merkelege ordet husasnotra? Det er funne to gonger i gamle islandske tekster og var truleg betegnelsen på eit verdifullt navigasjonsreiskap som kunne vise vegen heim. Noko som peikar mot hus i betydninga stjernebilete. Eller som det er skreve i prosjektpapira: «Visjonær framtidretta aktivitet som bygger på tradisjon». Meir info bl.a. på Husasnotra si eiga facebookside.

I boka Vern & Virke set Else "Sprossa" Rønnevig fokus på bygningsarven i seterområda og fortel levande og lærerikt om restaureringa av Bjørkheimstolen i Valdres. Utgangspunktet hennar er det tragiske faktum at "hundrevis av bruksbygninger i den norske fjellheimen råtner på rot og beiteområder opparbeidet gjennom århunder gror igjen". . Dagens politikere er mer opptatt av sine neste fire år, enn våre neste hundre år!, er det dette vi ønsker skal være arven til våre etterkommere????", spør Rønnevig. – Else Rønnevig kom altså over ein forfallen støl, som mange meinte ikkje var meir verdt "enn ei fyrstikke fra Nittedals Hjelpestikker". – "Bare vent og se tenkte jeg og tok kontakt med eieren av Bjørkheimstolen og vi inngikk en avtale om at jeg verderlagsfritt skulle sette stølen i stand og få bruksrett i 10 år."

"Vi trenger flere dyktige og interesserte håndverkere med rett kompetanse", skriv Else Rønnevig i presentasjonen av boka Vern & Virke. Heldigvis er det fleire institusjonar og miljø som satsar på å ta vare på og vidareføre slik kompetanse, og seterfjellet er full av oppgåver..



Bjørkheimstolen i dag.



På veg ut i marka. Frå Vikabråstølen i Vestre Slidre. Her driv Yvonne Tonnaer og Ole-Jacob Christensen økologisk seter, med kyr og kalvar av rasen Dølafe, fjordhesten Blakka - og her ystar og kinnar dei og kan by på mange gode produkt frå gard og seter. Foto: Ole-Jacob Christensen.

Ressursene ligger i utmarka!

Av Ole-Jacob Christensen

Norsk landbrukspolitikk kan virke som et uskrevet vers i Alf Prøysens vise om Bakvendtland, ”der øst er vest og fem to er ti”. Vi sentraliserer produksjonen bort fra der ressursene er, erstatter gratis fôr fra fjell og skog med importert soja og mais, som i stor grad brukes til drøvtyggere som ikke har et fordøyelsessystem for å utnytte slikt fôr. De negative virkningene ses overalt: beiter og slåttemark gror igjen i Norge mens sårbare savanner i Brasil raseres, vi utnytter ikke beitetenes evne til å binde drivhusgassen CO₂, mens kraftfôrimporten fra utlandet fører til store klimagassutslipp både i dyrkingslandene og under transport, og kjøtt og melk produsert med mye kraftfôr har en uheldig fettsyresammensetning, og fører til blant annet økt forekomst av hjerte- og karsykdommer.

Industrialiseringen av husdyrhaldet gir oss også et mindre klimarobust landbruk. Landene som produserer kraftfôret vårt vil få til dels betydelig avlingsnedgang ved et varmere klima. Våre egne utmarksarealer derimot, er kanskje de matproduksjonsressursene som best vil tåle endret klima.

Stølsdriften vil derfor være sentral i en mer bærekraftig landbrukspolitikk.

Stølsdriften er langt fra så gammeldags som man kan få inntrykk av når landbrukspolitiske messer om stordrift og modernisering. Når husdyra høster næring fra skog og vidde, og leverer dem fra seg hver dag i fjøset i form av melk, og møkk, eller om høsten i form av kjøtt og ull – kalles dette blant nyskapende agronomer for agroforesterie, altså et integrert økosystem der innmark og utmark, menneske, husdyr og natur spiller på lag. Systemet både utnytter og styrker økosystemtjenester, for å bruke et annet nyord for denne driftsmåten som bønder har drevet i generasjoner i områder av jorda der ikke alt areal kan bli hveteåker. For når dyra beiter i utmarka, gir de lys og luft til vegetasjonen samtidig som de gjødsler dem. Dyr som beiter i utmarka om dagen, og står inne om natta, tar også med seg næringsstoffer til innmarka, og minsker behovet for kunstgjødsel. Det biologiske mangfoldet øker, og karbon bringes tilbake til jorda.

Klimavennlig og klimarobust; det kan være to nøkkelord for å forstå verdien av stølsdriften. Landbrukspolitikken må endres

slik at økonomien til små bruk i distrikte styrkes, og føropptak på utmarksbeite støttes minst like mye som innkjøpt kraftfôr eller fôr fra dyrket mark. Gjerdeloven må innskjærpes slik at beiteretten blir reell over hele landet. Rovdyrforvaltningen må ta mer hensyn til beitebruk, og bla. Må ny teknologi som radiomerking brukes til å dempe konfliktnivået. I en framtid der matproduksjonen i verden kan komme til å synke på grunn av mindre gunstig klima, utgjør utmarksbeitene Norges største matreserv. Ubrukte fôrressurser i utmarka utgjør like mange førenheter som 2/3 av kraftfôrimporten! Stølsdriften er et marginalt fenomen i norsk landbruk i dag. Slik har det ikke alltid vært. Utmarksbeitene kunne før utgjøre opp til halvparten av årsfôret på mange bruk.

For hundre år siden var nesten 45 000 støler i drift. Støler ble drevet i alle fylker, i skog og på fjell, og nærmere 200 000 kyr, 90 000 ungdyr og 150 000 geiter nøt godt av stølsbeitene. Akershus hadde 350 støler, det samme hadde Vestfold. Men stølsdriftas framtid ligger ikke i mimering eller nostalgi. Stølene og utmarksbeitene har en framtid fordi de representerer en driftsform som svarer på framtidas utfordringer og bærekraftig ressursbruk og sunne, velsmakende produkter.

Landbruksmeldinga

De fleste som driver seterdrift driver små og mellomstore geit og kumjølkbruk. De fleste ligger i distriktene, og det må være mye bedre å produsere mjølk her i stedet for i sentrale strøk der det kan dyrkes menneskemat som korn. Dersom det ikke gis levelige vilkår for denne brukstypen i distriktene er tradisjonell seterdrift borte om noen år.

I de siste årene har det skjedd mange endringer som er negativt for små og mellomstore mjølkebruk:

- Kvotetak er hevet mye. Fører til et press om å bli større
- Strukturvirkemidler er svekket, f.eks med samme sats pr daa for areal og kulturlandsskapstilskudd
- Det meste av økningen i jordbruksoppgjørene er tatt ut som økt pris på produkt. Det styrker selvsagt de største mest.

St meld nr 11 gir ingen signaler om endringer til fordel for små og mellomstore gardsbruk, men tvert imot et signal om fortsatt øke farten på effektivisering og strukturendring. F.eks ved at det foreslås å redusere antall kvoteregioner for mjølk til 10. Dette vil føre til økt centralisering av mjølkeproduksjon ved at kvoter i enda større grad kan flyttes fra utkantene til sentrale strøk.

Norsk Seterkultur går imot at antall kvoteregioner skal reduseres til 10. Norsk seterkultur mener også at meldingen i sin helhet ikke svarer på utfordringen om å ta vare på gardsbruk i alle størrelser over hele landet.

Geit

Geita er kanskje det første dyret som ble holdt som husdyr i Norge. Geita er en kulturnarbeider av rang, som eter «alt», og er en viktig faktor for å holde landskapet åpent, og dermed også bedre beitekvaliteten for andre husdyr.

Geitebøndene er kanskje også de som i størst grad fortsatt driver med seterdrift. Geitebrukene ligger stort sett i fjellbygder, eller langs kysten, og utnytter dermed områder som ellers ikke blir utnytta.

Når landbruksmeldingen nå går til frontalangrep på geita, er dette en katastrofe for deler av distriktslandbruket, men også for turistnæringen.

Regjeringen vil:

- Fjerne markedsbalanseringen for geit mjølk , samt målpris.

- Fjerne mottaksplikten for geitmjølk som Tine pr i dag innehar
- Redusere geitmjølkproduksjonen ved å kjøpe ut produsenter av geitmjølk

Hva vil dette bety for geitenæringen ?

- Om regjeringen får det som den vil, vil det kunne bety at det må inngås leverandøravtaler for geitmjølk, noe som innebærer at de produsentene lengst unna (inkludert seterområder) ikke vil få mjølka si henta, eller får betydelig dårligere priser.
- Mottaksplikten innebærer i dag at dette er grunnpilaren også for produsenter av lokalmat, dels på brukene, dels på setrene. Et bortfall av mottaksplikten, vil trolig samtidig rive grunnlaget unna for mange av de som foredler deler av sin produksjon
- En oppkjøps / utkjøpsordning vil på samme vis som fjerning av markedsbalanseringen medføre at de lengst unna meieri / foredlingssanlegg vil bli kjøpt ut. Dette er igjen de som bruker ressursene i fjellbygder / på kysten, og aktivt setrer og bruker utmarksressursene der de finnes.

Norsk Seterkultur går sterkt imot alle de foreslalte endringer for geitenæringen

Gamle kuraser

Gamle norske landraser av storfe er viktige for seterdrifta. Disse passer ypperlig som kulturlandskapspleiere i utmarka.

Norsk seterkultur foreslår at tilskuddet for gamle raser styrkes for de som driver seterdrift med slike.

Styring av bedriftsrettede midler

«Regjeringen vil: At det regionale partnerskapet ikke lenger skal ha mulighet til å utforme regelverk og detaljerte føringer for bruken av de bedriftsrettede midlene»

Norsk Seterkultur mener det regionale partnerskapet har vært svært nyttig for å utforme regelverk for bruk av BU midler rundt i landet. Blant annet har det ført til at seterdrift har blitt prioritert i de sterke seterregionene. Vi mener det er nyttig og nødvendig at folk i distriktene som vet «hvor skoen trykker» fortsatt får et ord med i laget for bruken av BU midlene.

Norsk Seterkultur ber om at det regionale partnerskapet fortsatt får mulighet til å utforme regelverk og føringer for bruken av de bedriftsrettede midlene.



Seterbrukar til topps i Nortura

Trine Hasvang Vaag, mjølkebonde fra Snåsa, er innstilt som ny leiar i Nortura. I eit portrett i Nationen får vi vite meir om henne, blant anna at ho ”med tungt hjarte” har gått frå økologisk til konvensjonell drift. Ho fortel at det har med økonomi å gjera og at ein del av areala deira ikkje egnar seg til økologisk drift.

Ho er forsiktig med å kritisere rammevilkåra for økologisk drift, men nemner at vilkåra ikkje er betra siste åra. ”Kanskje det er på tide å ta dei litt opp, om marknaden vil ha meir økomat, seier ho. - Seterdrifta har ho derimot ingen planer om å slutte med. Kvar sommar sidan 2006 har dei tatt med to kyr og eit knippe hestar, sauher, høner og kaninar til setra som ligg 330 meter over havet. Der er det ope for besøk. Barnefamiliar kan kome og helse på dyra og bli med på fjøsstellet.

Det er ein unik arena og ein fin måte å vise kva landbruk går ut på. Det er ikkje alle som har besteforeldre på landet lenger, seier Vaag, som sjølv blei fanga av bondedraumen då ho besøkte besteforeldra i ”paradis”.

Slik enda vintersetringa på Furuseter

Historia om vintersetringa på Furuseter i 1933 er både spesiell og interessant, men vinteren fekk ein trist utgang. I tidlegare tider hende det at ein låg på setra med dyr om vinteren. Da slapp ein det kalde og langvarige arbeidet med å kjøre heim høyet med hest og slede. Setring har i uminnelege tider vore spiskammeret og reservelageret for folk og dyr.

Av Fride Gunn Rudi

Sommaren 1933 var det svært tørt, og det vart berre små fôrvanglingar heime i bygda. Også generelt var det ei vanskeleg tid. Dette var dei harde 30-åra. Mor mi, Kjellaug Bergseth (1923-2012) kunne hugse at dei plukka kornet for hand ned på Melgardsjordet dette året, fordi halmstråa var så stutte. Det var også lite for å gå mot vinteren med, og truleg var det også lite hamn å sleppe dyra på når dei skulle komme heim frå fjellet. Og den gongen var det sjølvsagt ikkje like enkelt som i dag å hente heim føret som var hausta på setra. Derfor var det eit betre alternativ å la både kua og budeia bli på setra over vinteren. Der var det trass alt ein del før frå seterkvea, og truleg også hamn til dyra ute over hausten.

Det har ikkje vore vanleg med vintersetring eller "vinterlego" som det ofte vart kalla, i dette område så langt folk kan hugse. Det var først og fremst i Nord-Gudbrandsdalen at dette var brukt. Men vi veit at det også finst døme på vintersetring i Sør-Fron, og kanskje har det også vore vintersetring på Furuseter i tidlegare tider – kanskje også meir eller mindre fast busetnad om vinteren. Og på Furuseter er det fleire hus enn det som er vanleg. I tillegg til selet er det ei "Veslestugu", som ho blir kalla, ei vinterstugu, ein stall med trev, ein låve og eit fjøs med plass til både storfe og småfe.

Låg setra langt frå garden, var det vanleg å bruke vinterstugu når ein kjørte heim høy om vinteren. Ein kjørte da innover ein dag, overnatta i vinterstugu og kjørte ned att neste dag. Dette var spesielt aktuelt midt på vinteren, når dagane var stutte.

Oldemor mi, Mathilde Forr Melgard var 53 år og seterbudeie vinteren 1933. Mathilde var til saman vel 50 somrar på setra. Med seg hadde ho tanta mi, Oddbjørg, som da berre

var fem år gammal og for ung til å byrje på skulen. Det var sikkert godt med litt selskap, og litt kunne ho nok hjelpe til. Ei ung jente som heitte Sigrid var også med. Ho var på Melgard mot betaling, fordi ho ikke var heilt som ho skulle, som ein sa den gongen. I dag ville vi vel sagt at ho var psykisk utviklingshemma. Det var vanleg at dei som ikkje var i stand til å greie seg sjølve, vart sett bort på gardane mot betaling. Kor mykje praktisk hjelp det var å ha henne på setra, er usikkert, fordi Mathilde torde ikkje å la ho og Oddbjørg vera åleine i lag i lengre tid. Mathilde var nemleg redd for at Sigrid kunne vere lei mot Oddbjørg.

I fjøset hadde Sigrid og Oddbjørg fast jobb med å sope fjøsgolv. Oddbjørg skulle lyse med lykta, medan Sigrid skulle sope. Men da bestemota kom og skulle sjå etter korleis det gjekk, var det alltid Oddbjørg som sopte og Sigrid som lyste.

Oddbjørg kan ikkje hugse sikkert om dei hadde med seg høner på setra denne vinteren, men geiter hadde dei med.

Det kunne nok bli lange dagar med mykje slit for å halde det daglege i gang. Berre det å få inn ved og å dra vatn nede frå elva Lysa var tungt arbeid. Til dyra vart det brukt smelta snø, som var lettare å hente. Men også snøen skulle fraktast inn i fjøset og fordeles utover til dyra. Så det var nok ikkje mykje fritid, og einsamt kunne det nok stundom også bli for både store og små innpå fjellet langt frå folk. Ekstra einsamt var det nok for vesle Oddbjørg, men ho laga seg ei leikarstugu oppe på stalltrevet. Barn er ofte flinke til å finne på slikt.


Kontakt med andre folk hadde dei når det kom forbi høy- eller mosekjørarar som hadde vore lengre inn på fjellet. Det var bedne inn på kaffi. Amund Almehagen var flink med små barn. Han tok Oddbjørg på fanget og sa at han var "kjærasten" hennar. Ein gong Johannes Stebergløkken og Amund kom kjørande, sprang Oddbjørg dei i møte

for å få sitja på lasset. Det hadde også Sigrid tenkt å gjere, men ho vart for sein, fordi ho skulle sminke seg først. Sminka var raudt kreppapir, som dei vætte og gnidde på seg for å få fine raudne kinn.

Av kjørekaranar fekk dei også høyre nytt frå bygda. Det var ingen radio på setra, slik at det var ikkje råd å halde seg orientert om kva som skjedde, men ein gong imellom kom karane frå Melgard innover. Da brukte dei å hogge bar rundt kantane på hamnkvea. Denne tilleggskosten skulle nok druge ut føret. Dei som var att heime, måtte sjølvsagt feire jula der. For Oddbjørg var det store spørsmålet om nokon skulle kome innover med julegaver. Men nissen kom ikkje dette året. Fyrst andredag jul kom den eldste systeran, Marta Melgard (Nyhus), innover på spark. Ho var da tretten og eit halvt år. Sparken var heimelaga og temmeleg skral, og ho kunne hugse at ho for huggstups over han i møte med ei hesteruke omrent halvvegs. Men det gjekk på eit vis, sjølv om hestevegen sikkert ikkje var godt underlag for å sparke. Gava ho hadde med til Oddbjørg, var ein liten raud koffert frå mora, og ein stakk med fullt av treperler på. Kofferten har ho enda, og ho kan hugse at stakken låg i ei lita kiste oppå andrehøgda heime. Kista hadde faren, Josef Melgård (1899-1969), kjøpt i Oslo.

Men først i mars kom det dårleg nytt frå heime. Mora, Sørine, som da var berre 33 år gammal, hadde vorte sjuk. Ho hadde fått giktfeber for tredje gong, og denne gongen hadde det slått seg på hjarta. Det vart ikkje anna råd enn å ta dyra og flytte heim. Oddbjørg kan hugse at faren og ein mann kom 12. mars for å hente to kyr som dei var redde snart skulle kalve. Da skulle ho og bestemora fylgje dei om lag ein km lengre fram til Nysetra. Der budde det to ugifte kinnfolk og ein kar heile året. Her vart dei bedne inn da dei gjekk forbi. Desse to kvinnene hadde klede sydd av strie og tørkle på hovuda. Attfor glasa hadde dei ullteppe, truleg for å halde kulda ute. Difor vart det ganske mørkt inne hos dei. Oddbjørg vart redd og torde ikkje sleppe stakken til bestemora. Dei fekk servert te kokt av einer. På denne setra hadde dei ikkje komfyr, men steikte kaker mellom to heller inni peisen.

Den 14. mars kom karane innover att for å hente resten. På kujura batt dei ull-luver for at dei ikkje skulle bli kalde. I ei trekasse oppå hestesleden sat Oddbjørg i lag med sengeklede og potteplanter. Ettersom geitene vart keie, vart dei også lagt opp på



å Furuseter i 1933



Setra til Norgard Melgard på Furuseter på Østkjølen i vinterdrakt. Her var det vintersetring så seint som i 1933. Foto: Fride Gunn Rudi, ca 1985.

sleden for at dei skulle få kvile seg.

Vel heimkommen sprang Oddbjørg ned i fjøset for å sjå korleis det gjekk med dei to kyrne som hadde vorte henta to dagar før. Dei heldt på å kalve, så det var nok i grevens tid at dei hadde kome heim.

Dei andre ungane hadde fått "kuksa" – meslingar – og var svært sjuke av det. Oddbjørg fekk det også., og ho kan hugse at ho fekk 25 øre av Gustav Forr (1876-1950) for at ho skulle ligge roleg. Men Sigrid, som også hadde fått det, måtte heile tida opp og bortåt glaset for å sjå på karane som dreiv og slakta grisar. Det hadde seg slik at for å utnytte fjøset om vinteren, hadde dei sett inn fullt med gjøgriser i von om litt kjærkommen ekstrainntekt i ei dårleg tid. Men da kua kom heim, måtte grisene vike plassen. Oddbjørg

kan hugse at det heldt på mange karar med dette arbeidet.

På bakstugu oppe i andre etasje låg mora for døden, så det var nok ei utriuveleg stemning på heile garden. Dei hadde ei helsesøster til hjelp, men ho ville ikkje høre snakk om at dokter Grønning skulle hentast, fordi han var så omdiskutert. Mange meinte han var både drikkfeldig og ureinsleg. (Sjå Fronsbygdin 2009.) Mathilde kunne seinare ikkje tilgje seg sjølv at han likevel ikkje vart henta. Men det er nok lite truleg at Sørine ville ha overlevd likevel. Ho døydde 24. mars. Attende sat mannen Josef og sju ungar. Martha var den eldste og Sverre den yngste, tre år gammal. Einaste trøysta var vel at dei hadde bestemor Mathilde på garden. Ho vart ei god reservemor for syskenflokken.


Mor kan hugse at dei skulle ha ut hesten på garden, Veslesvarten, dagen etter at mora var død. Glaset oppe på rommet der den døde låg, sto oppe, hesten såg dit opp og kneggja. Han forsto nok kva som hadde hendt.

Slik enda vintersetringa på Furuseter i 1933 litt tidlegare enn det som var planen. Fôret som var att på setra, vart truleg kjørt heim, og fleire overvintringar vart det ikkje.

Litt utpå 1970-talet var det også slutt på den vanlege seterdrifta, både på Furuseter og mange andre stader elles på Østkjølen. Mange slutta med mjølkekø, og den tradisjonelle seterdrifta vart for tungvint.

Kjelder: Lars Reinton: Til seters. Oslo 1976. Frå Fronsbygdin 2012.

Returadresse:
Norsk seterkultur
6214 Norddal



Tid for eit "seterbibliotek"

Dei mange bøkene og hefta om tema knytt til stølar og seterkultur fortener å bli samla i ei oversikt. Norsk seterkultur har gjennom åra presentert mykje seterlitteratur i Seterbrukaren, men no er det på tide å samle informasjon om denne bokskatten. Arbeidstittel kan vera "Seterbiblioteket".

Seterkulturen har nesten sin eigen "bokhast". I allefall er det gjennom åra gjeve ut ei rekke bøker om setre og stølar, om historia, driftsformene, landskapet, biologien, poesien, musikken... Stadig kjem det nye bøker med slike tema, og fleire er under arbeid. Sameleis fleire nettbaserte publikasjonar. Norsk seterkultur ynskjer å synleggjera dette, for å ta vare på historia, men også for å inspirere til at stølsdrifta skal ha ei framtid. Lista nedafor er berre førebels, så vi oppmodar om å fylle på. E-postadressa seter@seterkultur.no tek i mot!

- Sæterbruket i Noreg 1, Sætertypar og driftsformer, Lars Reinton 1955.
- Sæterbruket i Noreg 2, Sætra i hauatingsbruket og i matnøytsla elles, Lars Reinton 1957.
- Sæterbruket i Noreg 3, Lars Reinton, tre standardverk for norsk sæterbruk, 1961.
- Sætrane under Nibba, Sykkylven sogenemt 2011, om sætrane til Aure og Grebstaddalen i Sykkylven.
- Sætrar under tinderad, Velledalen sogelag 2003, om sætrane i Velledalen, Sykkylven.
- Til seters, Setrar i Norddal, Valldal Bygdekvinnelag 2012.
- Setrar i Hornindal, Kjell Råd 2008
- Sæterliv i Voldafjell, 1 og 2, 1999 og 2006.
- Støl og stølsliv i Hemsedal, Hemsedal Historielag og Hemsedal Mållag 2002.
- Sæterliv, Karoline Daugstad og Svein Sæter, Det norske samlaget 2002.
- Stølar og stølsliv i Luster kommune, Kåre Øvregard, Skald forlag 1999.
- Stølsdrift i Nes i Hallingdal, Marit Holme Mehlem, Lokalhistorisk forlag 1995.
- Sæterbok for Åsskard, Bernt Bøe, Åsskard grunneigarlag 1995.
- Til seters med Marit, Arvid Møller, Ansgar 1988.
- Setra, et bygningsmiljø i fare, Landbruksforlaget 1976.
- Å jeg vet en seter, Vera Gjersøe, om Christian Saxlund 2004.
- Seterdrift i Finnmark, magistergradsavhandling av Sonja Westrheim 1978.
- Eg gjekk meg opp til seterli - stølsliv i poesi og prosa, Den norske bokklubben 1981.
- Sæterliv, Den norske turistforenings årbok 1956.
- Sæterliv og seterstell, Maihaugen setergrend, Anders Sandvig 1942.
- Til seters, Norsk seterbruk og seterstell, Lars Reinton 1969.
- Fra meieridrift og seterliv, 1 og 2, Ludvig Funder 1945. Lærebøker i melkestell.
- Budeiboka, N. Ødegård 1901. Sjette opplag, syttende tusen!
- Norsk sætertradisjon, Svale Solheim. 1952.
- Stølsdriften paa Vestlandet, meierimester J. Grude, Det Kgl Selskab for Norges Vel 1891.
- Mellom romantikk og realisme. Om seterlandskapet som ideal og realitet, Karoline Daugstad, Senter for bygdeforskning. Rapport nr. 16/99.
- Magnillsjøan, Per Hvamstad. Magnillsjøan Seter-sameie, Nordøsterdalsmusea og Per Hvamstad, Tynset 2008.
- Gammelsetra 2014 – 40 år med ungdommeleg seterdrift. Grøvudalslaget og Stiftelsen Gammelsetra 2014.

Mange av våre produkter har rot i støls-kulturen og vi støttar



Norsk Seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

OLAVSROSA

Kvalitetsmerket for de beste kulturarvopplevelser. Et besøk er et minne for livet.

"Vern gjennom bruk"



www.olavsrosa.no
www.kulturarv.no